



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1649 - 18/25737

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

23.08.2018

## Avslag på søknad om avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 123/13 Risøyvegen 11

**Tiltak:** Utvida bruk av avkjørsle  
**Byggjestad:** Gbnr: 123/13 Risøyvegen 11  
**Tiltakshavar:** Henry Kårdal  
**Ansvarleg søkjar:** Arkitekt Mette Kyed Thorson

Delegasjonssak nr.: 420/18

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg i samband med oppretting av ny eigedom som skal opparbeidast med parkeringsplass for naust.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Tiltakshaver Anne Jorunn og Henry Kårdal ønskjer dele frå ein parsell på ca. 300 m<sup>2</sup>, frå gbnr 123/13.

Parsellen skal nyttast til parkeringsplass for 2 bilar og vert knytta til naustet på 123/190. Naustet har i dag parkering på 123/61.

#### Vurdering/drøfting:

Slik krysset ligg i dag, vil ikkje vegavdelinga i Lindås kommune gi løyve til utvida bruk. Dette er i samsvar med tidlegare uttale frå Statens vegvesen som og har vegmynde i krysset.

Det har tidlegare vore søkt om utvida bruk av same avkjørsle. Då vart det sett krav om at avkjørsle til vegen, gbnr 123/9, samt avkjørslene til gbnr 123/64 og 123/13 må samlast til ei avkjørsle.

Lindås kommune har skissert dette i vedlegg; «*Skisse Lindås kommune - Innstramming av kryss Risasjøen (gbnr 123-9,64 og 13)(130731)*».

Ein søknad om samling av avkjørslene mot kommunal veg, vil og bli sendt på høyring til Statens vegvesen.

#### Samandrag/konklusjon:

For å få utvida bruk av avkjørsle til 2 naust, må krysset fyrst byggast om slik at alle avkjørslene vert samla.

Det må søkjast på nytt om samling av avkjørslene. Søknaden må vere i samsvar med vedlegg «*Skisse Lindås kommune - Innstramming av kryss Risasjøen (gbnr 123-9,64 og 13)(130731)*».

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Når krysset er utbetra må det sendast inn ny søknad om avkøyringsløyve for dei 2 parkeringsplassane og saka vil då bli vurdert på nytt.

**Vedtak:**

Lindås kommune gjev avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel til kommunal veg, slik krysset er utforma pr. i dag.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Statens vegvesen brev og skisse (117502)

Uttale avkjørsle - gbnr 1239 Risa - utskilling av fritidstomt frå grunntomt(134855)

Vedk avkøyrsløknad - GBNR 1239 Risa - utskilling av fritidstomt frå grunntomt(117887)

Skisse Lindås kommune - Innstramming av kryss Risasjøen (gbnr 123-9,64 og 13)(130731)

**Kopi til:**

Byggesak

Byggesak

Byggesaksavdelinga

**Mottakarar:**

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS

Henry Kårdal

Risasjøvegen 312

5955

LINDÅS